

Årsmelding 1994

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernnavdelingen

Forord

Miljøvernforvalting er i utgangspunktet arbeid med eit langsiktig perspektiv. I dette perspektivet er forvaltaransvaret vårt for naturen blitt meir synleg i miljøvernpolitikken. Denne politikken er i Noreg formulert i sentrale politiske dokument som stortingsmeldingar, statsbudsjettet, avtalar med andre land og i lover, forskrifter og rikspolitiske retningsliner. Stikkord som "føre var" og "sektorovergripande miljøvern" har etter kvart fått ei mening ut over dei som til dagleg er knytt til miljøvernforvaltinga. Nye omgrep kjem til, og den tverrdepartementale satsinga innafor "biologisk mangfold" i 1994 viser at fleire sektorar etter kvart blir bevisst gjort og sett i stand til å ta sin del av miljøvernansvaret.

Utanfrå og frå dei som arbeider med å overvake naturen får vi stadig meldingar om ei verd i krise også når det gjeld utnytting av naturressursane. Det synest som vi i kontrast til dette lever i eit idyllisk hjørne av verda. Samtidig veit vi at presset på våre naturressursar er aukande, og at nettopp våre naturrikdommar er ettertrakta som opplevingsobjekt for stadig større grupper av turistar. Vi veit og at våre naturrikdommar gir grunnlag for å hauste ressursar, og dette gir i sin tur grunnlag for sysselsetting og busetting i Møre og Romsdal.

I dette spenningsfeltet blir det vårt ansvar å følgje opp dei politiske vedtaka som Storting og Regjering gjer, og på samme tid bidra til utvikling ute i kommunane som kan forsvarast ut i frå sentrale prinsipp for miljøvernforvaltinga. Her vil dokumentasjon av naturressursar og miljøtilhøve stå sentralt. Vi håper den verksemnda fylkesmannen driv gjennom utarbeiding av slik dokumentasjon kan gi spesielt kommunane enno betre grunnlag for deira miljøvernforvalting.

I denne rapporten søker vi å gi ein kortfatta systematisk gjennomgang av arbeidsoppgåvene til fylkesmannen innafor miljøvernarbeidet i 1994. For meir utfyllande dokumentasjon viser vi til dei spesielle fagrapportane som er utgitt, alternativt til direkte kontakt med miljøvernavdelinga.

30. desember 1994

fylkesmiljøvernsjef

Rapport nr 4/95

ISBN 82-7430-074-2
ISSN 0801-9363

Forord

Miljøvernforvalting er i utgangspunktet arbeid med eit langsiktig perspektiv. I dette perspektivet er forvaltaransvaret vårt for naturen blitt meir synleg i miljøvernpolitikken. Denne politikken er i Noreg formulert i sentrale politiske dokument som stortingsmeldingar, statsbudsjettet, avtalar med andre land og i lover, forskrifter og rikspolitiske retningsliner. Stikkord som "føre var" og "sektorovergripande miljøvern" har etter kvart fått ei mening ut over dei som til dagleg er knytt til miljøvernforvaltinga. Nye omgrep kjem til, og den tverrdepartementale satsinga innafor "biologisk mangfald" i 1994 viser at fleire sektorar etter kvart blir bevisst gjort og sett i stand til å ta sin del av miljøvernansvaret.

Utanfrå og frå dei som arbeider med å overvake naturen får vi stadig meldingar om ei verd i krise også når det gjeld utnytting av naturressursane. Det synest som vi i kontrast til dette lever i eit idyllisk hjørne av verda. Samtidig veit vi at presset på våre naturressursar er aukande, og at nettopp våre naturrikdommar er ettertrakta som opplevingsobjekt for stadig større grupper av turistar. Vi veit og at våre naturrikdommar gir grunnlag for å hauste ressursar, og dette gir i sin tur grunnlag for sysselsetting og busetting i Møre og Romsdal.

I dette spenningsfeltet blir det vårt ansvar å følgje opp dei politiske vedtaka som Storting og Regjering gjer, og på samme tid bidra til utvikling ute i kommunane som kan forsvaret ut i frå sentrale prinsipp for miljøvernforvaltinga. Her vil dokumentasjon av naturressursar og miljøtilhøve stå sentralt. Vi håper den verksemda fylkesmannen driv gjennom utarbeiding av slik dokumentasjon kan gi spesielt kommunane enno betre grunnlag for deira miljøvernforvalting.

I denne rapporten søker vi å gi ein kortfatta systematisk gjennomgang av arbeidsoppgåvene til fylkesmannen innafor miljøvernarbeidet i 1994. For meir utfyllande dokumentasjon viser vi til dei spesielle fagrappartane som er utgitt, alternativt til direkte kontakt med miljøvernavdelinga.

30. desember 1994



fylkesmiljøvernssjef

Innhold

	side
1. Områdeforvalting	1
2. Artsforvalting	3
3. Kulturmiljø/kulturlandskap	5
4. Klimaendringar og langtransportert luftforureining	5
5. Overgjødsling og utslepp av organisk stoff	5
6. Helse- og miljøfarlege stoff	6
7. Akutte olje- og kjemikalieutslepp	7
8. Avfall og gjenvinning	7
9. Friluftsliv	7
10. Regional planlegging/miljøvenlege byar og tettstader	9
11. Forsking/informasjon	9
12. Administrasjon	9

Vedlegg: 1. Personell pr. desember 1994
2. Publikasjonsliste 1994

1. Områdeforvalting

Naturforvaltning er langt meire enn direkte fredningstiltak. Det har vore eit mål å rasjonalisere med arealressursane og avgrense varige skader på naturgrunnlaget. Gjennomføring av dette skjer i nært samarbeid med kommunane. Fylkesmannen har prioritert dette arbeidet høgt i 1994 innafor nokså knappe personellrammer.

Fylkesmannen har i utgangspunktet planlagt at innsatsen innan området 'Biologisk mangfald' skulle fordelast på dei andre innsatsområda. Dette har og i stor grad blitt gjennomført. Det synter seg likevel at 'Biologisk mangfald' som eige innsatsområde skulle bli meir aktuelt. Dette hadde bl.a. si årsak i at Molde kommune blei valgt ut som prøvekommune.

Miljøvernnavdelinga har av denne grunn tatt del i dette prøveprosjektet i kommunen. Vidare har det i 1994 blitt gjennomført møte og synfaring. To av avdelinga sine tilsette har teke del i MD's grunnkurs i 'Biologisk mangfald'.

Vi har i 1994 motteke NATURBASE til bruk m.a. innafor områdeforvalting. Basen fungerer enno ikkje tilfredsstillande. Det har i MAVD gått føre seg eit utviklingsarbeid i samarbeid med DN. Mykje data er lagt inn, men vi har til no ikkje fått full nytte av basen på grunn av data tekniske problem.

I virksomhetsplanen for 1994 er innsatsområdet områdevern delt opp i

- Verneplan våtmark
- Verneplan myr
- Verneplan edellauvskog
- Verneplan barskog, barlind og kristtorn
- Verneplan havstrand og elveos
- Drift av Trollheimen og Veøy landskapsvernområde
- Reinheimen nasjonalpark/landskapsvernområde
- Nasjonalparkplanen Rondane/Dovrefjell/Sunndal

Verneplan for barskog, barlind og kristtorn og edellauvskog var i 1993 på lokal høyring. Etter høyringen er det arbeidd mykje med oppsummering og tilråding til DN. I Møre og Romsdal er det gjort framlegg om vern av 12 område med barskog, 6 område med barlind og kristtorn og 33 område er med i verneplan for edellauvskog. I tillegg kjem forslag til to nye verneområde som blei fagleg godkjent av DN i 1994. Områda er Glomsetmarka (barlindforekomstar) som er sendt på lokal høyring med frist vår 1995 og Skorgeura (edellauvskog) som skal ut på lokal høyring på nyåret. Dei to nye områda skal samkøyrast med verneplanane for edellauvskog og for barlind/kristtorn. Sluttføringa av desse er difor noko forsinka. Når det gjeld vern av barskog vil utviding av ramma for Vest-Noreg avgjere kor mange område som blir med. Det er gjennomført registrering av forstlege data for 4 barskogområde og 4 barlind/kristtorn-område.

Verneplan for myr ligg i Miljøverndepartementet og venter på eit endeleg vedtak i regjeringa. Dette har ført til at framdrifta når det gjeld vern av myr ikkje har vore som planlagt.

Arbeidet med ein verneplan for havstrand og elveos starta opp våren 1993. Dette arbeidet er prioritert i 1994. Det er utarbeidd grunneigarlistar, oppdaterte utkast til vernekart og det er gjennomført synfaringar og grunneigarmøter for 32 område. Verneplanutkastet blir ferdig i januar 1995. Sjøfuglplanen er utsett etter direktiv frå DN. Dette gjeld også verneplan for marine område.

Verneplan for våtmark blei vedtatt i 1988. Det står igjen mykje arbeid når det gjeld etablering av oppsyn og utarbeiding av forvaltings- og skjøtselsplaner. Vi har ikkje hatt økonomiske midlar til å sluttføre dette viktige arbeidet. Det same gjeld korrigering av eigedomsregister. 5 våtmarksområde er koordinatfesta og kartlagd i løpet av året.

Skjøtsel av landskapsvernombordet på Veøya har gått som planlagt ved hjelp av tilskot til miljø- og sysselsetting. I Trollheimen landskapsvernombordet har oppsynsmannen registrert bygningar og inngrep som eit ledd i utarbeidingsplan.

Ressurstilgangen har ført til at berre halvparten av planlagde innsats i 1994 er gjennomført. Dette har mellom anna ført til at tilrådinga til DN for vern av edellauvskog, barskog og barlind/kristtorn ikkje er sluttført i 1994.

Arbeid med Reinheimen nasjonalpark er nedprioritert, men samordna plan for Dovre området er gjennomført som planlagt i samarbeid med aktørane.

Forvalting av varig verna vassdrag er eit tema som vil krevje aukande innsats i åra framover. Først i form av informasjon, seinare med dokumentasjon av verneverdiane og konkret oppfølging i kommunane. I 1994 har vi deltatt i utprøving av såkalla differensiert forvalting for 2 vassdrag.

Vassdragsplanlegging i form av vassbruksplanar har foregått i 2 vassdrag, og i ytterlegare 2 er under oppstart. Tilskottssordninga til denne type arbeid har vore utnytta, og det er formidla "Aksjon vannmiljø"-midlar til 2 prosjekt i fylket.

Søknader om løve til inngrep i vassdrag omfattar mange mindre reguleringstiltak for settefiskanlegg og annan industri. Interesse for småkraftverk er aukande. Effektiviteten i saksbehandlinga har dette året lidd av mindre personell- og tidsressurser enn planlagt.

Innafor motorferdsel i utmark har vi oppsummert som planlagt, og hatt kontakt og instruert dei kommunane der endra dispensasjonspraksis har vore ønskjeleg. Informasjon og oppfølging har resultert i strengare praktisering av lova i enkelte av kommunane, med ferre dispensasjonar og dermed fleire klagesakar.

Miljøforvaltinga kan ikkje seie seg nøgd med den saksbehandlinga skogsvegsakene har fått til no. Dette har dels samanheng med utforminga av nye forskrifter om skogsvegar.

Oppdrettsnæringa har i mange år vore ei stor utfordring for miljøvernavdelinga når det gjeld å påverke lokaliseringa av slike anlegg i høve til naturvern- fiske-, frilufts- og viltinteresser slik at dei negative konsekvensane vert minst mogeleg. I 1994 har vi registrert ein nedgang i talet på søknader om nye lokalitetar, noko som er eit teikn på at dei fleste har dekka sitt behov for "gode lokalitetar" for å drive vekseldrift over 3 lokalitetar. Den store produksjonsveksten vi ser no kan føre til at tåleevna på lokalitetane vert overskride, slik at det påny vil komme mange søknader om nye lokalitetar.

2. Artsforvalting

Veksten i hjortebestandane ser ut til å ha halde fram til i 1994 sjølv om siste vinteren var normal med snø og kulde. I 1993 blei det felt 4 601 hjortar her i fylket, og førebels tal for 1994 indikerer at totalfellinga vil auke.

Skade valda av hjort har auka tilsvarende, og det er blant anna rapportert om skade både på rundballar og på ståande skog frå fleire delar av fylket. Dette er skadetypar som auka vesentleg i denne normalvinteren i høve til dei siste vintrane og viser at bestandane fleire stader er for høge.

I takt med aukande hjortebestandar har det vore aukande mengde klager på vedtak som kommunane gjer innafor hjorteviltforvaltninga dei siste åra. I 1994 var det 23 slike klager. Ein del av klagene er og meir kompliserte enn dei har vore tidlegare.

Ottadalens villreinområde fekk ny driftsplan i 1994. Det vert lagt vekt på å halde oppe ein produktiv stamme som ikkje overbelastar beitegrunnlaget.

Det er også arbeidd med ei kartlegging av fysiske inngrep og forstyrringar i Ottadalens villreinområde. Dette vert gjennomført i nært samarbeid med kommunar, jaktrettshavarar og andre interesseorganisasjonar. Prosjektet vil foreslå tiltak for å fjerne/forebygge skadeverknader av uheldige inngrep og forstyrringar, og ansvarlege for å gjennomføre dette. Prosjektet vert avslutta først i 1995.

Av 98 undersøkte og vurderte kadaver er 44 sau og lam blitt klassifisert som dokumentert eller sannsynleg tatt av freda rovvilt. For skadeåret 1994 var det 48 søknader om erstatning for bufe tatt av freda rovvilt. Dette er ein nedgang på 6 søknader frå året før. Det har og vore ein kraftig nedgang i talet på dyr som det er søkt om erstatning for. I 1992 var såleis kravet på 1364 sau og lam, 661 i 1993 og 531 det siste året. I 1994 vart det erstatta 288 sau og lam tatt av freda rovvilt. 95 % av dette skuldast jerv i kommunane Surnadal, Sunndal og Nesset.

Det har vore tilsyn med sau på beite innafor jerveområda i kommunane Surnadal, Sunndal, Nesset og Rauma. I alt blei det nytta vel 40 månadsverk til tilsyn.

Det blei halde eit to dagars konferanse om kommunal viltforvaltning i Molde i helga 23. - 24. april. På denne konferansen var det nærmere 80 deltakarar. Dette er eit arrangement på line med "fellesmøtet" som før 01.01.93 blei halde årleg for dei statlege viltnemndene.

I løpet av året blei det behandla omlag 160 søknadar om å få behalde sokjepliktig fallvilt for utstopping. Berre 2 av desse søknadene er avslått, og begge desse er påklaga.

Innføring av pålegg om tilgang på godkjend ettersøkshund ved jakt etter hjort, elg og rådyr har ført til kraftig auke i talet på godkjende ettersøkshundar i fylket. I løpet av året har talet auka frå omlag 100 til omlag 300. Etter det som er registrert så langt, vil vi tru at ordninga har fungert tilfredsstillande dette første året.

5 vassdrag i Møre og Romsdal blei i 1994 erklært fri for lakseparasitten Gyrodactylus salaris. Vassdraga er Valldalselva, Norddalselva og Eidsdalselva i Norddal kommune,

Bævra i Surnadal kommune og Storelva i Tingvoll kommune. Med dette er alle elvane på Sunnmøre fri for G.salaris.

I 1994 er berre ei elv (Batnfjordselva) rotenonbehandla mot parasitten G. salaris. Det er enno for tidleg å seie noko om resultatet, men sjølv aksjonen gjekk som planlagt. I tillegg har vi bidratt både i førebuing og sjølv rotenonbehandlinga av elva Beiarn i Nordland. Denne behandlinga blei gjennomført i i perioden 08.08-12.08.1994.

Alle rotenonbehandla elver i fylket er undersøkt i 1994. Materialet er førebels ikkje analysert. Særleg har det vore ei tett oppfølging av dei rotenonbehandla elvane i Rauma kommune. Desse elvane har vore undersøkt kvar månad i perioden mai til oktober. Aurestammen i elvane har komme seg godt etter rotenonbehandlinga. I Rauma er det registrert lakseyngel som er klekka i 1994.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal blei av DN pålagt å foreta kartlegging av Skibotnelva i Troms, med tanke på rotenonbehandling i 1995. Kartlegginga er fullført i haust.

Vi har foretatt registrering av ungfisktettleik i 6 vassdrag i fylket i 1994: Moaelva, Oselva, Visa (ikkje fullstendig), Ørstaelva, Bondalselva, Velledalselva. Slik registrering er gjennomført i desse vassdraga i fleire år. Dette gjer at vi no har eit godt referanse materiale frå viktige lakseførande vassdrag i fylket. Vi har og vore med på feltarbeid i samband med registrering av lakselus. Dette er eit prosjekt som går i regi av Universitetet i Bergen. Gyteregistreringa i Eira er og fulgt opp. Dataserien i Eira går attende til 1952. I tillegg har vi gjort ei gyteregistrering i Litledalselva.

Vi har bidratt til utarbeiding av Vassbruksplan for Bævra og Vassbruksplan for Nåvvassdraget. Vassbruksplanen for Bævra nærmar seg sluttbehandling i Surnadal kommune og blir den første vassbruksplanen i fylket.

I samband med videreutvikling av lakseoppsynet med tanke på eit meir omfattande naturoppsyn, har vi laga ein perm der alle aktuelle lover og forskrifter er samla. Permen skal nyttast på politikamra, hos lensmennene og hos oppsynsmenne. Arbeidet har og vore eit ledd i ein prosess for å få dei 3 politikamra til å koordinere si verksemd og for å få til ein meir eins praksis.

I prosjektet "Bedre bruk av fiskeressursene i regulerte vassdrag" er det fortatt prøvefiske i 22 vatn i år. Prosjektet er finansiert av dei største vassdragsregulantane i fylket saman med fylkesmannen. Det er i 1994 skreve rapport frå granskingane av laksestammene i Surna og Todalselva i 1993. Desse granskingane er gjort med tanke på ei omgjering av utsettingspålegga i dei to vassdraga.

Arbeidet med ein kultiveringsplan for fylket og konsesjonsbehandling av kultiveringsanlegga går sin gang. Vi har konsesjonsbehandla eit kultiveringsanlegg. Eit anna nærmar seg ferdigbehandling i Fiskeridirektoratet, etter ein omfattande og arbeidskrevjande klageprosess.

Oppdrettsnæringa har i det siste året hatt lite sjukdom og bruk av antibiotika, noko som har positiv innverknad på villfiskinteressene og tilhøva for sportsfiske i sjøen. Lakselus er fortsatt eit betydeleg problem for oppdrettsnæringa, og påfører sjøaure og laks skader av ulikt omfang.

Dei mellombelse sikringssonene for laksefisk som vart innført i 1989 for 5 år gjekk formelt ut i juni 1994, men vart mellombels forlenga ut 1995. Fylkesmannen i M og R har gjeve innspel til arbeidet med evaluering av effekten av sonene og kva form ei vidareføring skal ha.

Det har vore gjennomført ei opprydding innan gamle søknader om konsesjon for marine fiskeslag, noko som har ført at vi er ajour i saksbehandlinga her.

Søknader om konsesjon for uttak av skjellsandgrabbing er førebels ein liten aktivitet. Den forventa auken i antal søknader har ikkje kome i 1994.

Nye forskrifter for taretråling er ikkje innført, slik at det har ikkje vore noko aktivitet på dette feltet i 1994.

3. Kulturmiljø og kulturlandskap

Området kulturlandskap er i virksomhetsplanen for 1994 ikkje delt opp i delområde. Det er definert 4 resultatmål.

Prosjektet "Nasjonal registrering av kulturlandskap" blei sett i gang i 1992. Det er etablert eit samarbeidsutval som fungerer som styringsgruppe for prosjektet. Fylkeskommunen (nærings/miljø samt kultur) og fylkesmannen (miljøvern og landbruk) er representert i dette utvalet. Målet med prosjektet har vore å lage ei oversikt over særlege verdfulle kulturlandskap i Noreg. Registreringa av kulturlandskap i Møre og Romsdal starta i 1993. Vi har fått opplysningar om ca. 500 kulturlandskap. Opplysningane har stort sett kome frå kommunane ved miljøvernleiaren eller frå landbrukskontora. Omlag 50 kulturlandskapsområde blei valt ut for ei nærmare undersøking. Rapporten frå registreringane i Møre og Romsdal vart ferdig våren -94. Samarbeidsutvalet for kulturlandskap i Møre og Romsdal har fungert som styringsgruppe i samband med prosjektet "Nasjonal registrering av kulturlandskap".

4. Klimaendringar og langtransportert luftforureining

I samband med plan for oppgradering av avfallslassar er det varsla at det vil bli krevd vurdert oppsamling og avbrenning av deponigass (metan) ved dei fleste avfallslassane i fylket.

Fylkesmannen er sekretær for arbeidet i fylket med overvaking av effektane av nedfallet av radioaktivitet etter Tsjernobyl-ulykka. Det blir enno for enkelte område i fylket kravd nedforing av beitedyr før dei kan slaktast.

5. Overgjødsling og utslepp av organisk stoff

Fylkesmannen har fått utarbeidd ei fylkesplan avløp som er sendt til høyring. Planen tar opp viktige spørsmål omkring vidare opprydding og utbygging av kloakk i fylket. Planen avklarer føresetnader for vidare planlegging i kommunane.

Viktige nasjonale avklaringar manglar enno før ein kan konkretisere nasjonale rammer for ny politikk basert på meir ansvar hos kommunane når det gjeld fastsetting av mål og ambisjonsnivå.

Det er gitt utsleppsløyve for 3 kommunar på grunnlag av reviderte avløpsplanar. Tre utsleppsløyve er forlenga basert på tidlegare utarbeidde handlingsplanar. Rullering av planar vil bli forsøkt tilpassa den nye malen for planlegging som hovudplan avløp.

Tilskott til kommunale oppryddingstiltak blei ikkje invilga for prosjekt i kommunane i Møre og Romsdal. Dette skuldast at ramma nasjonalt var så lita at ho fullt ut blei brukt opp på høgare prioriterte prosjekt på Austlandet og på Sørlandet.

Prøveprosjektet med overføring av myndigkeit til landbrukssetaten heldt fram med siste sesong før oppsummering og evaluering. I samband med dette har fylkesmannen fått frigjort ressursar til å gjennomføre overvaking av 72 vassdrag i område med landbruk og der tiltak er blitt prioritert. Prøveprosjektet blir evaluert av Møreforsk.

Fylkesmannen har også i 1994 gjennomført overvaking av vassdrag der det tidlegare har vore oppblomstring av blågrønalgar, eller vurdert slik at det er fare for slik oppblomstring. I 1994 skjedde oppblomstring i Hjørndalsvatnet i Hareid (Hjørungdalsvatnet) og ei svak oppblomstring i Storvatnet på Smøla.

Fylkesmannen har i samarbeid med revisjonleiar frå SFT gjennomført revisjon av avløpssektoren i Ålesund kommune i forhold til internkontrollforskrifta. Kommunen har ikkje gjort ferdig sitt internkontrollsysteem, men er godt i gang.

Registrering i kommunane viser at berre to kommunar har utarbeidd internkontrollsysteem for avløpsdelen pr 1.11.94. Dei aller fleste kommunane opplyser å ville ha utarbeidd eit system i løpet av 1996. Nokre kommunar har ikkje tidfesta framdriftsplan for dette arbeidet.

Det blei arrangert konferanse for kommunane i fylket i november med tema omkring internkontroll, hovudplan avløp, finansieringsordning, mål og rammestyring, aksjon vassmiljø, vass- og kloakkavgifter og fylkesplan avløp.

6. Helse- og miljøfarlege stoff

I 1994 er det foretatt opprydding i avfall og forureina grunn på Aukra. Førebels er materialet lagra i 8 containerar på avfallsplassen på Aukra i påvente av avklaring av forsvarleg sluttbehandling.

På grunnlag av tidlegare påvisingar av tungmetall i sediment ved skipsverft m.v. blei det i 1994 satt i gang prøvetaking og analysar ved 26 utvalde lokalitetar. Rapportering vil skje i 1995. På

grunnlag av dette materialet vil ein truleg få eit grunnlag for å vurdere om problemet må vurderast nærmare, evt at aktuelle verksemder i områda må koste nødvendige oppfølgingsgranskingar.

7. Akutte olje- og kjemikalieutslepp

I 1994 har det ikkje vore store aksjonar knytta til oljesutslepp eller skipshavari. Det er gjennomført opprydding i Sande etter eitt skipsforlis ved Stadt (Saltsildtønner) og på Frei i samband med velt av tankbil med fiskeensilasje. Det har og vore gjennomført tiltak ved lekkasjar frå tankanlegg på bensinstasjonar i Rauma og Nasset. Forureina masse er blitt fjerna og lagt ut for avdunsting under kontrollerte forhold. I Rindal velta ein tankbil med ammoniakk. Utsleppet blei lite, og det er ikkje blitt registrert skader i elva. I Kristiansund var det utslepp frå ein dieseltank som ført til forureining av eit vatn. Det blei gjennomført avbøtande tiltak for å avgrense utsleppet og samle opp diesel, og prøvetaking av avløpet blir utført til forholda er blitt normale.

8. Avfall og gjenvinning

Arbeidet med å legge om renovasjonsordningane med sikte på kjeldesortering og gjenvinning held fram i kommunane. Alle kommunane innførte ei "felles" ordning for spesialavfall frå hushaldningane i 1994 under Skvett'n symbolet. Alle hustandane har fått utlevert ei spesialavfallseske i papp og det er utplassert containerar på sentrale stader i kommunane der folk kan få levere spesialavfallet kostnadsfritt. Kostnadene blir dekka over den ordinære renovasjonsavgifta. Dei fleste kommunane har etablert ymse ordningar for innsamling eller mottak av papir og mottak av glas. I ein del kommunar har det vore organisert innsamling av landbruksplast.

Dei fleste kommunane har starta arbeidet med utarbeiding av avfallsplan i samsvar med ny § 34 a i forureiningslova. To kommunar har sluttbehandla sine planar.

Fylkesmannen har revidert handlingsplanen for oppgradering av avfallslassar.

Det er gitt utsleppsløyve for to nye avfallslassar på grunnlag av dei nye krava. 2 utsleppsløyve er sagt opp med sikte på revidering i 1995.

Registrering i kommunane viser at ingen kommune har utarbeidd internkontrollsysten for avfallsdelen pr 1.11.94. Dei aller fleste kommunane opplyser å ville vil ha utarbeidd eit system i løpet av 1996. Noen kommunar har ikkje tidfesta noko framdriftsplan.

Det blei i 1994 gjennomført ein konferanse over eitt døgn med tema omkring oppgradering av avfallslassar, nye forskrifter om bildekk og brunt papir, innsamling av plast, gjenvinning av trevirke, kompostering av våtorganisk avfall, avfallstatistikk, spesialavfall, avfallsplanar, full kostnadsdekning, gjenvinning av drikkeemballasje og internkontroll.

9. Friluftsliv

Møre og Romsdal har eit stort potensiale når det gjeld utvikling av ymse former for friluftsliv. Alle i fylket har tilgang enten til sjø, skog og/eller høgfjell. Det finst over 22.000 fiskevatn og over 150 vassdrag der ein kan fiske laks og/eller sjøaure. Fylket er og rikeleg velsigna med mykje fint jaktterreng.

Arbeidet med ein handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 ble starta opp i september 1993 og har fortsett 1994. I samband med dette arbeidet er det sett ned ei referansegruppe der brukarar, grunneigarorganisasjonane, kommunane, fylkeskommunen og skoleverket er representerte. Utkast til handlingsplanen er utarbeidd i 1994.

Prioriterte tiltak i utkastet til handlingsplan er fulgt opp som følgjer:

- Barn og unge er prioritert igjennom tilskot til stimulering og motiveringstiltak for friluftsliv i fylket.
- Samarbeidet med fylkeskommunen er styrka gjennom m.a. kontaktmøte mellom etatane.
- Styrking av arbeidet med kommunane sine strategiar for friluftsliv. Miljøvernnavdelinga har engasjert seg i arbeidet med kommunedelplanar for idrett og friluftsliv. Vi har sendt ut rettleiingsskriv om friluftslivet sine interesser til kommunane og sendt fråsegn til kvar kommune sitt høyringsutkast til kommunedelplan for idrett og friluftsliv.
- Oppdatering av Naturbase og presentasjon gjennom kart. Revideringa er godt i gang. Ferdig revidert kart vil føreligge i 1995.

Friluftslivskonferanse er utsett og vil bli halde i mai 1995.

I kontakt med kommunane har vi søkt å framheve sikring av lett tilgjengelege friluftsområde. Dette er knytt til arbeidet med dei kommunale delplanane for idrett og friluftsliv.

MAVD har ein viktig funksjon ved forvalting av tilskottsordningane for sikring og tilrettelegging av friluftsområde. Minst 60% av sikringssakene og 75% av tilretteleggingsmidlane skal gå til nærområde og turvegar.

Ordninga med miljø- og sysselsetting (KAJA) fortsette i 1994. Vi fekk tildelt totalt 312 månadsverk øyremerka miljø- og sysselsettingstiltak, som er fordelt på 45 prosjekt. Dette er ein nedgang på 149 frå 1993. Ein har søkt å samordne tilskot til friluftsforemål med midlar til sysselsetting. Vi har ikkje hatt prosjektleiarstilling for dette arbeidsområdet i 1994 slik det var i 1993, men dei einskilde prosjekta er fulgt opp og evt. synfart (gjeld spesielt dei prosjekta som er mest kostnadskrevjande).

I 1994 har vi fått følgjande antall søknader (for budsjettåret 1995):

- | | |
|---------------------------------------|------------|
| • ordinære tilskot innan friluftsliv: | 90 |
| • aksjon vasmiljø: | 7 |
| • vassdragsplanlegging: | 4 |
| • sikring: | 6 |
| Tilsaman: | 107 |

Dette er ein nedgang frå 1993 då det vart fremma 131 søknader.

Desse søknadene skal vere behandla innan 01.02.95.

10. Regional planlegging / miljøvenlege byar og tettstader

Oversiktsplanar, reguleringsplanar og dispensasjonssøknader blir fortløpende vurdert med tanke på å sikre viktige natur- og miljøomsyn i samfunnsplanlegginga, herunder vegtrafikkstøy. Ein vesentleg del av innsatsen gjeld betre forvaltning av strandnatur langs fjord og kyst samt utfordringar knytta til arealbruken langs vassdrag.

Dei fleste kommunane har no godkjend arealdel til kommuneplanen, men få har ein godkjend kystsoneplan.

Fylkesdelplanen for elveoslandskap blei like etter fylkestingvedtaket oversendt Miljøverndepartementet for sluttbehandling.

11. Forsking og informasjon

Fylkesmannen har bidratt aktivt til gjennomføringa av MIK-reforma gjennom dei opplærings-tiltaka vi har gjennomført i 1994 for miljøvernleiarane og andre tilsette, politikarar m.v. i kommunane. Aktiviteten innafor miljøpolitikarskolane har vore mindre i 1994 i høve til tidlegare år. Det er i tillegg arrangert to regionale kontaktmøte med miljøvernleiarane som målgruppe og to evalueringsmøte om MIK med ordførarar, rådmenn og miljøvernleiarar som målgruppe.

Arbeidet med miljøstatus for Møre og Romsdal er oppstarta, og det meste av materialet ligg no føre i råutkast. Det er innleia samarbeid med LAVD og Statens Vegvesen m.v. om bidrag til miljøstatus.

Tverrfagleg kontakt er på mange måtar styrka i året som gjekk. Etter kvart er kontakten med LAVD og med andre statsetatar blitt betra, og vi tar sikte på at det her skal skje ytterlegare utvikling i tida som kjem.

12. Administrasjon

Driftsrutinar innafor økonomiforvaltinga har stort sett gått greitt i 1994. Vi har likevel problem med økonomistyring, som skuldast for dårlige reidskap til ei rasjonell økonomistyring og oppfølging. Det er innført eit system med tertialrapportering, som til ein viss grad dekkjer behovet for oppfølging fagleg og økonomisk. Virksomhetsplanlegginga tar fortsett mykje tid, noko som for 1994 skuldast ei markert omlegging av fagområda i planen (direktiv frå direktorata). Personellmessige og arbeidsmessige endringar i MAVD er inntil vidare utsett i påvente av at m.a. den nye K/S-AVD (kommunal- og samordningsavdelinga) hos fylkesmannen trer i funksjon. Vi har vidareutvikla saksbehandlar-møta som stort set blir gjennomført annakvar måndag, m.a. med ei pressekliipp-ordning. Kontakten med arbeidsmarknadsetaten er styrka, og vi har inngått avtalar om tidsavgrensa inntak av arbeidstakrar til ymse funksjonar i MAVD, med 50% lønstillskott.

Oversikt over tilsette i MAVD pr. desember 1994

Navn	Stilling	Fast/engasjert m.v.
Administrasjon		
Per Fredrik Brun	Fylkesmiljøvernsjef	Fast
Aslaug Magerøy Grimstad	Adm.konsulent	Fast
Synnøve Ulleland Hoel	Sekretær	Fast
Åse-Britt Sporsheim	Fullmektig	Fast
Margaretha Nekstad	Fullmektig	Arb.m.tiltak
Odd Høgset	Spesialrådgjevar	Fast
Forureiningsseksjonen		
Kolbjørn Megård	Seksjonsleiar	Fast
Ivar Mork-Grevsnes	Overingeniør	Fast
Noralf Bell	Overingeniør	Fast
Ola Betten	Avdelingsingeniør	Perm.
Barbro Relling	Avdelingsingeniør	Vikar
Reidun Sem Kallestad	Overingeniør	Fast
Naturforvaltingsseksjonen		
Trond Haukebø	Seksjonsleiar	Fast
Harald Ørsahl	Naturforvaltar	Fast
Kjell Lyse	Frilufts-/naturvernk.	Fast
Ulf Lucassen	Viltforvaltar	Fast
Leif Magnus Sættem	Fiskeforvaltar	Perm.
Pernille Dorthea Bruun	Fiskeforvaltar	Vikar
Oddvar Moen	Vassdragsforvaltar	Fast
Jon Ivar Eikeland	Førstekonsulent	Fast
Alv Ottar Folkestad	Frilufts-/naturvernk.	Perm.
Kirsti Moe Oterhals	Frilufts-/naturvernk.	Vikar
Hilde Aspås	Konsulent	Fast
Ove Eide	Konsulent	Fast
Asbjørn Børset	Rovviltkonsulent	Eng.(NINA)
Ketil Michael Eklo (ME)	Førstekonsulent	Mellombels
Ola Betten	Førstekonsulent	Engasjert
Siv Aksdal	Førstekonsulent	Engasjert
Lisbeth Aune	Konsulent	Engasjert
Ingbjørn Bredeli	Førstekonsulent	Engasjert
Ingun Raastad	Konsulent	Engasjert
Ole Jan Tønnesen	Konsulent	Engasjert
Åge Fleten	Tekn.assistent	Arb.m.tiltak
Kjersti Eide	Konsulent	Arb.m.tiltak

**FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
MILJØVERNAVDELINGA
PUBLIKASJONAR 1994**

1. Årsmelding 1993
(ISBN 82-7430-061-0) ISSN: 0801-9363
2. Miljø- og sysselsetjing 1993
(ISBN 82-7430-062-9) ISSN: 0801-9363
3. Undersøkelser vedr. lakseparasitten Gyrodactylus Salaris i Møre og Romsdal 1993
(ISBN 82-7430-063-7) ISSN: 0801-9363
4. Bonitering og kultiveringsplan for laks i Surna og Toåa
(ISBN 82-7430-064-5) ISSN: 0801-9363
5. Gjennomførte tiltak mot lakseparasitten G. Salaris i Møre og Romsdal pr april 1994
(ISBN 82-7430-065-3) ISSN: 0801-9363
6. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal
(ISBN 82-7430-066-1) ISSN: 0801-9363
7. Innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal, Sluttrapport
(ISBN 82-7430-068-8) ISSN: 0801-9363
8. Rotenonbehandling av Raumavassdragene 1993
(ISBN 82-7430-069-6) ISSN: 0801-9363